



Frå møtet i koordineringsrådet den 20.04.16

Aktuelle dokument frå koordineringsrådet sitt møte den 20.04.16 finst på Helse Førde si [samhandlings-side](#) på internett.

I møtet vart det konstatert at det i den siste tida har vore sviktande deltaking frå kommunesida. Det kan vere mange gode grunnar til dette. Samstundes er det ein kritisk suksessfaktor at dei fleste kan møte, fordi det er krevjande å representere 26 kommunar. Det er viktig at deltakarar i samhandlingsfora tidleg seier frå dersom møteplanen er problematisk og eventuelt melder forfall tidleg.

Koordineringsrådet kom i møtet til ei erkjenning av at legemiddelhandtering og legemiddelbruk må vere det viktigaste felles satsingsområdet framover. Her er det i dag eit stort potensiale for betre rutinar som kan bety mykje for ein del pasientar. Avtaleutvalet skal den 02.06.16 ta stilling til eit mandat for vidare arbeid med ein delavtale på dette området, og dette blir lagt fram for koordineringsrådet den 08.06.16.

Oppfølging av nasjonal helse- og sjukehusplan

Helse- og omsorgsminister Bent Høie hadde den 04.05.16 eit [felles føretaks-møte](#) for dei fire helseregionane, der m.a. oppfølging av den nasjonale helse- og sjukehusplanen var tema.



Høie understreka m.a.:

- Helseføretaka skal utarbeide utviklingsplanar i tett dialog med kommunane og andre aktuelle aktørar.
- Regjeringa vil ha ei framtid med små og store sjukehus. Alle pasientar skal ha rask behandling i nærområdet for dei vanlegaste sjukdomane, og behandling på større sjukehus med spesialkompetanse ved alvorleg og komplisert sjukdom og skade. For å skape pasientens helseteneste må alle sjukehus samarbeide.

Ny samordningskalendar

19. mai – 20. mai	20	Fylkesmannen	Tverrfagleg kurs i samtalar med barn om vald og seksuelle overgrep for kommunane i Sogn	Quality Hotel Sogndal
27. mai	21	KS og Helse Førde	Dialogmøte	Scandic Sunnfjord hotell
Juni 2016				
08. jun	23	KS og Helse Førde	Koordineringsrådet	Førde sentralsjukehus
16. jun	24	Brukarutvalet	Møte i brukarutvalet i Sogn og Fjordane	Førde sentralsjukehus

På nettsidene til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kan ein no finne eit samla oversyn over kurs, konferansar og møte innan helse- og omsorgssektoren, kalla [Samordningskalendaren](#). Dette er utvikla etter ei drøfting i Forum for helse, omsorg og folkehelse.

Båtambulansetenestene i område sør




Helse Førde kjøper båttjenester for å utføre ambulanseoppdrag og pasientreiser til sjøs i Vågsøy og Flora – område nord – og Askvoll og Solund – område sør. Område sør dekkjer og båtbehov i Sognefjorden. Avtalane med utøvarane om båtambulansetjeneste i Askvoll og Solund er forlenga til ut 2016 og 2017.

Styret i Helse Førde vedtok den 18.03.16 å starte ein prosess for å avklare framtidig båtambulansetilbod i Askvoll og Solund. Dette vil også bli vurdert i samanheng med bilambulansetenesta i fleire kommunar. I tillegg til Solund og Askvoll, vil dette i hovudsak gjelde Fjaler og Hyllestad. Av den grunn har alle dei fire HAFS-kommunane (Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund) kvar sin representant i prosjektgruppa.

Revisjon av avtaleverket

Det felles avtaleutvalet har no, på oppdrag frå koordineringsrådet, starta arbeidet med revisjon og forenkling av samarbeidsavtalane mellom kommunane og Helse Førde. Les meir frå [møtet den 21.04.16](#) på Helse Førde sine samhandlingsider. Som ein start er det utarbeidd eit [hefte med alle avtalane samla](#).

Bruk av videoløysingar til undervisning



Prosjektet «Telemedisin Sogn og Fjordane» dreier seg ikkje berre om telemedisin i eigentleg forstand, men også om bruk av videoløysingar til ulike føremål. Eitt slikt føremål er undervisning. Men kor godt fungerer dette eigentleg?



I tilknytning til prosjektet er det gjort eit litteraturstudium der ein ser på kva erfaringar som er gjort hittil.

Resultat:

Effekt av undervisning via video vs kateterundervisning:

- Ikkje signifikante ulikskapar i tileigna lærdom rett etter undervisning, korkje teoretiske eller praktiske kunnskapar. (Haney et al.)
- Ikkje signifikante ulikskapar i to testgrupper før og etter undervisning. (Miller et al.)
- Samanliknbare resultat på eksamensoppgåver og testar. (Chipps, Brysiewicz & Mars ; Tomlinson et al.)
- Når interaksjon mellom deltakar og førelesar er planlagt i undervisninga får ein signifikant betra læringsutbytte. (Chipps, Brysiewicz & Mars ; Tomlinson et al.)

Tilfredshet med undervisning via video:

- Studentar gjennomgåande nøgde. (Alle inkluderte studier).
- Studentar føretrekk tradisjonell undervisning, men ser at fordelar i høve til sparte reise-kostnader og auka høve til deltaking veg opp mot ulemper. (Tomlinson et al.)
- Auka tilfredshet etter å ha delteke i fleire undervisningar. (Doorenbos et al.)
- Positive tilbakemeldingar på opne spørsmål i spørjeundersøkinga. (Doorenbos et al.)
- Deltakarar føretrekk ansikt-til-ansikt undervisning framfor videoundervisning, og tekniske problem kan ha innverknad på kor tilfreds ein er med videoundervisning (alle).

Effektivitet i høve avstandar:

- Kostnadseffektivt alternativ for kontinuerleg fagleg oppdatering i distrikta. (Doorenbos et al.)
- Eliminere geografiske avstandar (Doorenbos et al.)
- Store økonomiske innsparingar. (Miller et al.)
- Høve til å auke helsepersonell sine høve til fagleg oppdatering og betre høve til kontakt med større fagmiljø trass fysiske avstandar. (Baardseng et al.)

Konklusjon i studien:

Videokommunikasjon kan være eit godt hjelpemiddel, men det er framleis behov for å vite meir om nytteeffekten av bruk av videokonferanse i undervisning.

Undersøking i høve til «Samhandlingsnytt»



Mottakarane av «Samhandlingsnytt» vil no bli inviterte til å gi tilbakemelding på korleis ein opplever nytteverdien av dette kommunikasjons-tiltaket og kva som kan forbestrast. Epost til aktuelle respondentar blir sendt ut med det første.

Elektronisk tilgang til pasientjournal

Frå 22.05.16 får pasientar over 16 år i Helse Vest [tilgang til sjukehusjournalen sin på nett](#). Dette med unntak av pasientar innan psykisk helsevern og rus-tenester, for dei er datoen 19.09.16. Det ein kan få tilgang til no frå 22.05. er godkjende journalnotat med hendingsdato etter 01.03.16. Foreldre og føresette kan sjå journalen til egne barn under 12 år. Endringa vil gjere det enklare å vere delaktig i høve til eiga helse og eiga behandling.

Aktuelle møte og konferansar

Det planlagde møtet i [fagrådet](#) den 19.05.16 er avlyst, og det bir beramma nytt møte til hausten.

[Dialogmøte](#) mellom Helse Førde og politisk leiing i kommunane/ fylkeskommunen blir gjennomført den 27.05.16. Det er møte i [koordineringsrådet](#) den 08.06.16. Det neste møtet i Forum for helse, omsorg og folkehelse er fastsett til 15.06.16. [Brukarutvalet](#) har sitt neste møte den 16.06.16.